



## Statens vegvesen

ASLAUG MARGRETE JØRGENSEN BREKKE  
SØRE MARIKOVEN 64  
5302 STRUSSHAMN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Sigmund Bødal / 55516146

Vår referanse:  
18/251736-4

Dykkar referanse:

Vår dato:  
04.01.2019

### Handsaming av klage – Klage på løyve til å nytte avkøyrsl – Fv. 213 – Gnr. 12 bnr. 1174 – Marikoven – Askøy kommune

Vi viser til brev i frå Dykk motteke hos oss 15.12.18.

Statens vegvesen forvaltar fylkesvegnettet på vegne av Hordaland fylkeskommune. Dette gjeld også Fv 213 som endar opp i Marikoven i Askøy kommune. Veglova §§ 40–43 gjer det klart kven som har mynde til å gje løyver til bruk av avkøyrslar på offentleg veg. Statens vegvesen har slikt mynde og gjev slike løyver, jfr § 40. Når det gjeld private tilhøve så er Statens vegvesen ikkje ein part i dette.

Eigar av gbnr 12/1174 har på vanleg måte søkt Statens vegvesen om å få nytte avkøyrsla på Fv 213. Løyve vart gjeve 06.12.11. Klagefristen på slike saker er 3 veker, jfr Forvaltningslova § 27. All den tid vi ikkje har motteke noko klage på vårt vedtak i 2011, har gbnr 12/1174 løyve til å nytte avkøyrsl på Fv 213.

#### Part i saka

I Forvaltningslova § 28 går det fram at eit enkeltvedtak kan påklagast «*av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken*». Dersom ein person har klagerett etter § 28 har vedkomande rettskrav på å få klagen handsama med bakgrunn i at øvrige vilkår er oppfylt. I Forvaltningslova § 2 bokstav e er part definert som den person «en avgjørselse retter seg mot eller som saken «ellers direkte gjelder».

I Dykkar tilfelle rettar vårt vedtak frå 2011 seg ikkje mot deg, men mot grunneigar i same området på Søre Marikoven. Vedtaket gjev eigar av gbnr 12/1174 rett til å bruke avkøyrsla på Fv 213. Vedtaket regulerer ikkje på nokon måte Dykkar rett til å nytte avkøyrslan.

Vi har vurdert kva for nokre konsekvensar vedtaket vårt kan ha for Dykk direkte. Vedtaket medfører ein auka bruk av avkøyrsla som allereie er etablert. Dei tre einingane som vedtaket

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

vårt gjeld vil på ingen måte ha innverknad på Dykkar adgang til å nytte avkøyrsla på Fv 213. Vi vurderer difor at Dykk i denne samanheng ikkje er ein part som vedtaket «elles direkte gjelder»

Vår konklusjon er på denne bakgrunn at Dykk ikkje er «part» i saka.

#### **«Annen rettsleg klageinteresse»**

I samsvar med Forvaltningslova kan ein klage på eit vedtak dersom ein har «annen rettslig klageinteresse», dersom vedtaket har rettsleg verknad for Dykk.

Så langt vi kan vurdere har vedtaket ikkje nokon rettsleg verknad for Dykk, då vedtaket ikkje vil medføre noko endring av Dykkar rett til å bruke avkøyrsele på Fv 213. Vedtaket fører til at det blir fleire som bruker avkøyrsla. Dette kan i nokre tilfelle sjølvstøtt ha nokre praktisk innverknadar, men etter vårt syn ingen vesentleg verknad når det gjeld retten til bruk. Vi kan ikkje sjå i denne saka, at andre brukare av avkøyrsla er part i saka.

Vi gjer elles merksam på at dersom ein hadde vore «part» i saka så gjekk klagefristen som er nemnd ovanfor i denne saka ut i 2011.

Slik vi forstår Dykk var det ønske om at vi skulle gjere om vårt vedtak av 06.12.11. Slik vi oppfattar det så er det her ei mistyding av kva eit løyve til bruk av avkøyrsele gjeld. Slik det går fram ovanfor gjeld løyve berre avkøyrselepunktet til fylkesvegen. Andre privatrettslege moment i saka vedkjem ikkje Statens vegvesen og desse må søkjar sjølv sørgje for å ha orden i. Med dette som bakgrunn kan vi ikkje sjå at momenta i klagen Dykkar gjev grunnlag for handsaming

#### **Samanfatning**

Etter ei samla vurdering er vår konklusjon at Dykk ikkje er part i denne saka , og at Dykk ei heller har «annan rettsleg i klageinteresse» . På denne bakgrunn avviser vi klagen Dykkar utan vidare realitetshandsaming.

Vi gjer merksam på at det mogleg å klage på dette vedtaket om avvising. Klagefristen er på 3 veker frå Dykk mottek brevet. Klageskjema ligg ved denne sendinga.

Med helsing

Kari Elster Moen  
senioringeniør

Bødal Sigmund  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

Askøy kommune, Postboks 323, 5323 KLEPPESTØ

Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN



<b>(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet)</b>	
<b>(3) Mottakar (namn og adresse)</b>	<b>(4) Klageinstans</b>
<b>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak</b> (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)	
<b>(2) Dato</b>	
<p><b>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.</b></p> <p><b>Klagerett</b> De har rett til å klage på vedtaket.</p> <p><b>Kven kan De klage til?</b> Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følge av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).</p> <p><b>Klagefrist</b> Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p> <p><b>Rett til å krevje grunngjeving</b> Dersom De meiner at vi ikkje har grunngjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngjevinga.</p> <p><b>Innhaldet i klaga</b> De må presisere</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– kva for eit vedtak De klagar på</li> <li>– årsaka til at De klagar</li> <li>– den eller dei endringar De ønskjer</li> <li>– eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga</li> </ul> <p>Klaga må underskrivast.</p> <p><b>Utsetjing av gjennomføring av vedtaket</b> Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.</p> <p><b>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing</b> Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p> <p><b>Kostnadene med klagesaka</b> De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p> <p><b>Klage til Sivilombodsmannen</b> Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>	

Særlege opplysningar

0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve